



Voss Klima 2030



Informasjonspakke til
elevar og studentar

Støtta av:



Statsforvalteren
i Vestland



Vestland
fylkeskommune

Kva er ein Klimaplan?

Klima påverkar korleis me lever liva våre. Klimaet har påverka samfunnet me har vakse opp i, det påverkar kulturen vår og korleis landbruket har utvikla seg. Men klima endrar seg nettopp på grunn av den måten me lever liva våre no i dag.



Difor er det store spørsmål me må prøva å finna svar på saman. Korleis kan me endra levestilen vår slik at me dempar klimaendringane? Og korleis kan me leva med dei klimaendringane som uansett skjer no og framover i tid?

Alle kommunar må ha ein plan for korleis me skal takla klimaendring og bli meir miljøvennleg og berekraftig. Det er akkurat dette me jobbar med i Voss herad no. Me lagar denne planen som me kallar for Vossklima2030.

Men kva er ein plan i ein kommune, og kva er ein klimaplan?

Alle kommunar i Noreg må planleggja for framtida. Då er det viktig å bli samd om kva me skal satsa på og kva me ikkje skal satsa på. Me skriv alle desse tinga ned i eit dokument som me kallar for ein PLAN!

Ein plan er ganske lik ei oppskrift... Ei oppskrift fortel deg (gjerne med bilete og lett forståeleg tekst) kor mykje av kva du skal setja saman for å laga ein middagsrett til dømes. Kvar lenge skal me steika noko, eller koka noko? Når skal me blanda inn ein ny ingrediens? Middagen du lagar skal jo helst falla i smak hjå dei aller fleste (helst alle!) middagsgjestane.

Om me kjenner middagsgjestene så tar me gjerne litt av ein ting dei liker og mindre av ein annan ting. Me er og gjerne opptatt av å bruka dei beste lokale råvarene!

Kva er ein Klimaplan?

(framhald)

Me kan tenkja på ein PLAN på same sett. Ein PLAN fortel dei som jobbar i kommunen kva som er viktig og kva dei skal fokusera på i arbeidet sitt. Og ein KLIMAPLAN seier kva folk som jobbar i kommunen og kva politikarar våre skal gjera i arbeidet med klima og miljø dei kommande åra.

Skal me ha meir av ein ting og mindre av ein annan? Kor lang tid skal me bruka for å få ting til? Akkurat som med middagsretten, vil me gjerne laga ein klimaplan som fell i smak hjå flest mogleg som bur i Voss herad. Difor er det viktig at alle er med på å laga ein god klimaplan. Særleg viktig er det å få høyra kva de som er born og ungdom tenkjer!

Me håpar at de alle vil vera med å seia kva de meiner! Me (i kommunen) vil høyra kva de liker på skulen eller i barnehagen, og kva de tenkjer er viktig at me gjer for klima, naturen og miljøet vårt – både i barnehagane, skulane og elles.

De kan skriva eller teikna. De kan gje innspel åleine eller saman med andre.

Me kan ikkje lova at alt bli tatt med. Men me kan lova at ALT BLIR LESE OG HØYRT! Klimaplanen er som eit enorm middagsbesøk. Me skal gjera vårt beste for at me får ein klimaplan som fell i smak hjå så mange som mogleg.

Sjå ordførar Hans-Erik Ringkjøb forklara kva ein klimaplan er i denne videoen:

https://youtu.be/_yEnNIKDsUI



Vossa Klima 2030

Vossaklima 2030 lyfter fram tre hovudtema (eller har tre hovudingrediensar om me skal fortsetja med oppskriftsmetafor!). På dei neste sidene forklarar me litt meir om desse tre hovudtema:

Utsleppsreduisering


Klimatilpassing

Grøn omstilling

Utsleppsreduisering

Det er utslepp av gassen karbon dioksid (CO_2) som er *hovedårsaka* til at klimaet endrar seg. Det er viktig å forstå at CO_2 er ein naturleg del av atmosfæren, men om det vert for mykje CO_2 så aukar temperaturen òg. Det ekstra karbon dioksidet kjem frå mykje av det me gjer i samfunnet vårt.

Utslepp kjem mest frå brenning av fossilt brensel som kull, naturgass og olje. Rundt om i verda kjem dei største utslepp frå fylgjande:




I Voss herad er òg utslepp frå jordbruket stort – dette då i form av *metan*utslepp knytt til naturlege prosessar hjå plantar og dyr. Me må bestemma kva Voss herad skal satsa på for å få ned utsleppa våre. Akkurat dette vert ein veldig viktig ingrediens i Vossaklima 2030!

Diskuter!

Korleis kunne innbyggjarane, kommunen og næringslivet spela saman for å redusera utslepp av CO_2 ?

Les meir:

De kan lesa meir om utslepp i Voss herad her:
<https://www.miljodirektoratet.no/tjenester/klimagassutslipp-kommuner/?area=674§or=-2>



Sidan klimaet kjem til å endra seg ein del uansett kva me gjer no, må me førebu oss på det nye klimaet som kjem. Det blir nok meir regn, meir flaum og meir ras. Slike ting må me tenkja på når det gjeld alt me gjer i Voss herad i framtida.

Me kan tilpassa oss ved å verna oss mot flaum ved å bruka demningar og levéer til dømes. **MEN**, det er òg viktig å tenkja på korleis slike prosjekt kan påverka naturen rundt oss og menneska som bur i naturen.

Det aller beste er å setja i gang tilpassing som kallast for «naturbaserte løysingar». Slik tilpassing utnyttar biologisk mangfald og økosystemtenester på ein gjensidig og god måte, slik at det vert nyttig for både samfunnet og naturen vår.

Diskuter!

Kva tenkjer du at me kan gjera i Voss herad for å vera meir sikra mot ekstremvêr i dag og i framtida?

Les meir:

De kan lesa meir om klimatilpassing på fylgjande sider:

Klimaprofilen frå Hordaland som seier kva slags klima me kan foventa i framtida:

<https://klimaservicesenter.no/kss/klimaprofiler/hordaland>

Ein rapport (på oppdrag fra Miljødirektoratet) som skildrar naturbaserte løysingar for klimatilpassing: <https://www.miljodirektoratet.no/publikasjoner/2017/oktober-2017/naturbaserte-losninger-for-klimatilpasning/>

<https://www.miljodirektoratet.no/publikasjoner/2017/oktober-2017/naturbaserte-losninger-for-klimatilpasning/>



Grøn omstilling

Omgrepet «grøn omstilling» omfattar alt me gjer i samfunnet for å komma nærare ei grøn, klimavenleg og miljøvenleg framtid. Dette handler om konkrete tiltak (som me har snakka om under punkta om utsleppsreduisering og klimatilpassing), **MEN**, også ei generell samfunnsending må til skal me klara å motverka klimaendingane.

Denne samfunnsendinga betyr at me må få folk til å tenkja anslis. Dette slik at me alle gjenbrukar ting, ikkje kastar så mykje, tek meir vare på naturen rundt oss og set meir pris på lokalsamfunn og miljø (blant mange andre ting). Dette gjeld både oss som enkelt individ, men også verksemdar, kommunar - og nasjoner.

Politikk og utdanning har ei stor og viktig rolle i arbeidet med å skapa slike endringer i levesett og haldningar. Grøn omstilling betyr også eit inkluderende samfunn som byggjer på støtte og felleskap!

Diskuter!

(litt meir filosofisk): Kvifor trur du at det er så vanskeleg å endra samfunnet slik at folk kjøper mindre, kastar mindre og gjenbrukar meir?

Det me gjer i barnehagar og skular er veldig viktig når det gjeld grøn omstilling! Skular og barnehagar er ikkje berre plassar me lærer om desse tinga, men dei er også plassar der me kan oppnå mange av måla sammen med medelevene våre og lærarane våre.

Omstillinga i Noreg er ikkje berre eit resultat av teknologisk endring eller utanforliggende krefter - ho blir forma av dei vegvala me tar.

Frå boka "Grønn Omstilling – norske veivalg"
redigert av Håvard Haarstad og Grete Rusten.

Utdanning og skule er **VIKTIG** for **K**lima

No har du fått ein del informasjon om kva ein klimaplan er og kva som vert viktig for Voss herad sin klimaplan, Vossaklima 2030.


Det som også er **VELDIG** viktig er koblinga mellom klima, miljø og utdanning! Det som de lærer og erfarer på skulen vil bidra til at de lettare kan ta stilling til korleis de vil leva livet vidare. Både i forhold til klima og verda rundt deg - gjennom hele livet.

Viss me skal vera eit nullutsleppssamfunn og verkeleg ta vare på naturen rundt oss må me starta med å erfare dette allereie i barnehagen og på skulen!

No vil me høyra frå dykk! Finn spørsmåla til ditt skuletrinn - svar gjerne på spørsmåla - og send til oss. Du finn meir informasjon på spørsmålsarka!

Diskuter!

Kva kan me læra om eller gjera på skulen som kan hjelpa til med å gjera oss og lokalsamfunnet vårt meir klimavennleg og berekraftig?



Støtta av:



Statsforvalteren
i Vestland



Vestland
fylkeskommune

Undervisningsmaterialet er utvikla av Konsulent Stiller Reeve med Mathew Stiller-Reeve (tekst og grafikk) og Nina Myking (tekst). Det heile har vorte gjennomført i tett samarbeid med både tilsette og politisk nivå i Voss herad, koordinert av prosjektleiar for Vossaklima 2030, Gunnhild Utkvitne. Christine Hope frå Høgskulen på Vestlandet har bidrege med innspel og gode råd i prosessen. Arbeidet er finansiert av Statsforvaltar i Vestland, Vestland fylke og Voss herad (des. 2021).